



Det vart lagt stor vekt på trafikksikkerheiten og her får nokre av elevane rettleiing av Odd Steinar Arnesen

I dag er den årlege skulejoggen avvikla i strålende haustver, nærare bestemt pluss 20, og heile skuleflokken koste seg verkeleg under turen over Ådnaklett og Dønhaug. Rektor hadde til dømes med to flokkar over Ådnaklett og fleire gjekk eller jogga 2 rundar over Dønhaug. Også i år hadde fleire vore rause med sponinga - Spar med frukost og helselaget med frukt. Samstundes hadde ein sjansen til å gje til Redd Barna og born frå Syria. Resultatet var imponerande - 4739 kroner .

Som vanleg var joggen godt organisert og stor vekt var lagt på sikkerheit i trafikken. Elevane var på si side svært opptekne av at riktig joggedistansane vart innført i protokollen!



Riktig innføring i protokollen er viktig!

Tekst og foto og nett: Ola Matti Mathisen